

Pressemelding, 19. april 2017

Aukinga i søkjartala til høgare utdanning held fram.

135 587 personar har per 16. april 2017 søkt til høgare grunnutdanning ved universitet og høgskular gjennom Samordna opptak ved CERES - Nasjonalt senter for felles system og tenester for forskning og studium. Dette er 3 566 fleire søkjarar enn i 2016, det vil seie ei auking på 2,7 %.

- Vi stadfestar at søking til høgare utdanning held fram og med det også gevinstar ved å samordne søking, sakshandsaming og studentopptak, seier direktør i CERES, Grete Christina Lingjærde.

Utdanningsområde og -typar

11 utdanningsområde har auke i søkinga, for 5 utdanningsområde går søkjartala ned samanlikna med i fjor. Ser vi på utdanningsområde er aukinga størst for informasjonsteknologi (30,7 %), landbruksfag (20,1 %) og idrettsfag (13 %).

Innanfor lærarutdanningane ser vi ei markant auking til 5-årig integrerte lektorutdanningar med 15,4 %. Barnehagelærerutdanninga har 7,8 % fleire søkjarar samanlikna med året før. Det er ein nedgang i både grunnskolelærerutdanningane 5.-10.-trinn og 1.-7.-trinn på høvesvis - 5,5 % og - 3,6 %.

Søkinga til helsefag viser også i 2017 ein auke med 1 837 førstevalssøkjarar. Aukinga er 13,7 % for vernepleie og 6,2 % for sjukepleie. Innanfor helsefag er det audiografutdanninga som har den største aukinga frå i fjor med 21,3 %.

Søkinga til realfag hadde totalt sett ein liten nedgang i år, - 0,4 % samanlikna med 2016. Samla sett fekk teknologifaga 1,7 % færre søkjarar enn i 2016. Søkinga til arkitektstudiet vaks med 7,8 % og andre teknologifag med 9,5 %. Maritime fag (- 16,2 %) og ingeniørfag (- 7,5 %) har færre søkjarar enn i fjor.

Etterspurde statistikkar

Fleire statistikkar, blant anna kva for studium som har flest førstevalssøkjarar, flest førstevalssøkjarar per studieplass og søkjarar fordelt på lærestad finn de på:

www.samordnaopptak.no/info/om/sokertall

Vidare plan for offentleggjing av statistikk finn de i informasjonsplanen for Samordna opptak:

www.samordnaopptak.no/info/om/sokertall/informasjonsplan/index.html

Kontakt lærestadane:

www.samordnaopptak.no/info/kontakt/Kontakt-lerestedene/

Kontakt Samordna opptak:

<http://www.samordnaopptak.no/info/kontakt/kontakt-media/>